

OSTERØY KOMMUNE  
Postboks 1  
5293 LONEVÅG

**Avdeling for  
Kultur og folkehelse (KFO)**

---

<b>Dato</b>	17/10/2023
<b>Vår referanse</b>	2023/57594-13
<b>Dykkar referanse</b>	23/1427 - 23/21864
<b>Sakshandsamar</b>	Peter Forras
<b>E-post</b>	Peter.Forras@vlfk.no
<b>Telefon</b>	

**Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon - riving og oppføring - våningshus  
- gnr. 13 bnr. 1 - Lonevåg - Osterøy kommune**

Saka gjeld søknad om riving av eldre våningshus på gnr. 13 bnr. 1, i Osterøy kommune. Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, bad i si mellombelte fråsegn om at saka vart betre opplyst før rivingssøknaden vert handsama.

Tiltakshavar og kommunen har etter dette kome med fleire opplysingar. Våningshuset skal vere bygd om fleire gonger på 1960- og 70-talet, og i følgje tiltakshavar er det lite igjen av opphaveleg tømmerkasse. Det er også relativt få opphavelege eller eldre bygningsdetaljar att, slik at kulturminneverdien er noko forringa på grunn av dette.

Vi forstår det slik at det er liten interesse for å utforske moglegheiter for rehabilitering/ombygging. I og med at våningshuset ikkje er regulert til vern i kommuneplan eller reguleringsplan har ikkje kommunen heimel for å gje avslag på rivesøknad ut frå omsyn til kulturminneverdiar. Vår vurdering er at våningshuset slik det står no ikkje har regional kulturminneverdi eller at området er aktuelt for å regulerast til bevaring/omsynssone, slik at det heller ikkje er grunnlag for midlertidig forbod mot tiltak.

Vi oppmodar til at brukbare materialar vert demontert slik at vert mogleg med ombruk av bygningsmaterial, og at bygninga vert dokumentert ved riving.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KFO - Arealplan

**Peter Forras**  
seniorrådgjevar  
KFO - Arealplan

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen håndskrivne underskrift*